

### **Omkoding frå vegetasjonstypar til naturtypar.**

Tabellen viser korleis ein kan kode om frå Skog og landskap sitt system for vegetasjonskartlegging i M 1:20 000 - 50 000 til naturtypar etter DN-håndbok 13-1999.

Hovedtype	DN-håndbok	Skog og landskap 1 : 20 000 - 50 000
Myr	Rikmyr	9c grasmyr med tilleggssymbol k for kalkutforming. Dette er ei strengare vurdering enn DN legg opp til da det berre er dei ekstremrike myrene som kjem fram.
Rasmark	Kantkratt	10d knausar og kratt.
Fjell	Kalkrike område i fjellet	Blir dekt av 2d reinrosehei og fjelltypar elles med tilleggssymbol k for kalkrik utforming
	Frodige område i fjellet	3b høgstaudeeng og 3a lågurteng
Kultur-landskap	Hagemark	4g hagemarkskog
	Skogsbeite	Skogtypar med tilleggssymbol g for grasrik utforming. Det meste vil vera skogar av engtype.
	Kystlynghei	10b røsslynghei i låglandet er ein kulturbetinga, røsslyngdominert vegetasjonstype som inngår i kystlynghei
Ferskvann	Fuktenger	10e fukt- og strandenger. Vegetasjonstypen omfattar både fuktenger og sjønære strandenger.
	Større elvører	10g elvører og grusvifter
	Kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti	9e storrsump
Skog	Rik edellauvskog	5b rik edellauvskog
	Kalkskog	4d kalkbjørkeskog og 6d kalkfuruskog
	Bjørkeskog med høgstauder	4c engbjørkeskog. Denne vegetasjonstypen tek også med lågurtbjørkeskog.
	Gråor-heggeskog	4e oreskog som òg kan ha utformingar med svartor
	Rikare sumpskog	8d rik sumpskog.
Kyst	Sanddyner/sandstrender	10f sandstrender og driftvollar. Omfattar vegetasjons-samfunn knytt til sandstrand/sanddyner og til driftvollar med tang.
	Strandeng og strandsump	10e fukt- og strandenger. Vegetasjonstypen omfattar både fuktenger og sjønære strandenger.

Nokre naturtypar som ikkje er med i lista over kan avleiest regionalt og lokalt. Ved å bruke anna kartinformasjon som plassering i terrenget, høgdelag og nærleik til sjøen kan ein t.d. få fram naturtypen kystfuruskog, naturbeitemark (11b i utmark) og kalkrike enger i låglandet (3ak). Andre viktige biotopar som ikkje er med som eigen naturtype t.d. storbregneskogar (4cp) og flommarkkratt (4f) kan òg avleiest frå vegetasjonskartet.